

# ÅRSMØTE HJELMELAND TURLAG

22.02.24 kl. 19.00 på Spinneriet + direkte på Facebook

Sakliste :

Godkjenne innkalling og sakliste

Val av møteleiar og referent

Årsmelding 2023 m/økonomi

Info Bjødnabu

Info frå Stavanger Turistforening

Innkomne saker

Val

Takkegaver til våre lokale medhjelparar mfl. 2023 + eventuell trekning turbøker  
Turprogram 2024



**"Turglede Hjelmeland" v/Steffen H. Vadla**

Møtet er ope for alle, både medlemmer og ikkje-medlemmer.

Styret  
Hjelmeland Turlag

## ÅRSMELDING 2023, HJELMELAND TURLAG

2023 var eit «vanleg» år, der me dreiv på «jamt og trutt». Heilt til me plutselig i desember fekk Kulturprisen frå Hjelmeland kommune 😊 Me har hatt mange kjekke arrangement og flotte turar. Nokre turar blei flytta frå 2022 til i år, medan andre kom til utanom turplanen.

### Kulturprisen 2023

Hjelmeland Turlag fekk i 2023 Hjelmeland kommune sin kulturpris. Det var veldig stas å bli sett pris på. Me er stolte og takknemlege!

Vanlegvis er prisen eit måleri til ein verdi av ca 7500,- + diplom. Sidan me ikkje har eige lokale for eit måleri, så ønskja me heller bruke midlane til ein benk. Denne ønskjer me å plassere i den nyoppussa fiskerihamna i Hjelmelandsvågen, til bruk for ålmenta.



### STYRET 2023:

Svanhild Hjorteland Gbada	2023/2024	leiar
Astrid Rosså	2022/2023	nestleiar
Nils Egil Hetland	2023/2024	koordinator Viglesdal
Anne Kari Skogerbø	2022/2023	sekretær/kasserar
Paul Øvrehus	2022/2023	styremedlem
Gunnulf Sande	2022/2023	materialforvaltar
Asbjørg Kalvåg	2023/2024	styremedlem

Sankefestival-komiteen: Svanhild, Anne Kari, Paul, Gunnulf, og Nils Egil.

### Valkomité:

Paul Øvrehus (representant frå styret), Elisabeth Hausken Nessa og Steffen H. Vadla.

Styret har hatt 5 styremøte i 2023 i tillegg har me vore representert på andre møte. I tillegg mange avklarings på telefon, mm undervegs. Heile styret fungerer som turkomité. Me deltok på kontaktforum for frivillige lag og organisasjonar i Hjelmeland i regi av Frivilligsentralen. Fleire møter Sankefestivalen. Felles samling for STF og dei lokale turlaga i januar på Camp 773 i Strand. Elles fleire Teams-møte med STF + turlaga gjennom året.

### TURPOSTAR SOM TURLAGET HAR ANSVAR FOR:

- \* Gapahuk ved Ritlandskrateret: Styret et fadder.
- \* Strenjatonå: 285 signeringar i 2023. Endre Nordbø og Åsmund Sirevåg er fadrar.
- \* Skomakarnibbå: Jan Dagfinn Viken fadder.
- \* Hjelmen: Gunnulf Sande fadder.
- \* Jørmeland: Njål Hetlelid fadder.
- \* Sandsåsen post 1: Kristin Kostøl Helgaland fadder.
- \* Sandsåsen post 2: Njål Hetlelid fadder
- \* Sandsåsen post 3: Ola Mjøllhus fadder, 60-70 ?? signeringar.

**Hjelmeland Sparebank** sponsar dette med turbøker og premiar ved trekning frå bøkene.

Me har òg ansvar for reinhald toalettbygg Bjødnabu + gapahuken Bjødnabu.

### Takk til:

- medlemmer: me har 315 medlemmer i 2023. Hjelmeland ligg på 2.plass i Norge i tal medlemmer ift folketalet (12 %)
- dugnadsfolk, medhjelparar og tilsynsvakter/hyttevertar i Viglesdalen
- kjentfolk me har hatt med oss på turane våre
- frivillige lokale lag me har hatt samarbeid med, t.d. Bygdaråd og bygdekvinnelag
- Hjelmeland kommune v/m.a. Frivilligsentralen, kulturkontoret, koordinator Sankefestivalen
- samarbeidspartar i samband med Sankefestivalen

### ØKONOMI.

Me er integrert i STF sitt økonomisystem og har difor ikkje eige rekneskap til godkjenning på årsmøtet (skjer via STF sitt årsmøte). Den største posten i vårt rekneskap er Sankefestivalen.

Me fekk mykje tilskot frå mange ulike instansar i 2023, i hovudsak til Sankefestivalen. Dette medførte **overskot på kr 121.327,-\***. Grov oversikt økonomi:

Inntekter totalt	208.478	Utgifter totalt 87.151
<b>Salsinntekter</b>	<b>68.478</b>	
<b>Tilskot</b>	<b>140 000</b>	
-40.000 Rogaland Fylkeskommune,		-kompass til kurs o.a..
-25.000,- Ryfylkefondet,		-foredrag Sankefestivalen kr 24 000
-20.000 Hjelmeland kommune/Sankefestivalen		-premiar Sankefestivalen kr 10 000,-
-10.000 Hjelmeland kommune driftsstøtte,		-resten: div gåvekort, kurs/aktivitet,
-20 000 Mowi (utbetaling av tilskot 2022),		musikk, vakt Røde Kors, teltleige
-25 000 Sparebankstiftelsen DNB (søkt via Amedia Strandbuen)		
- 7 000 Lyse spirer		

\* NB: Avtale mellom STF og Hjelmeland kommune om koordinator for Sankefestival mm er ikkje ført på oss. STF har betalt kr 50 000,- til prosjektjobben og så har Hjelmeland kommune bidratt med ca like mykje gjennom koordinatoren. Me har lite inntekter på drift, turar osv.,


## VIGLESDAL

Stavanger Turistforening har vore 101 år i Viglesdal. Her har me drift, tilsyn og dugnad på 3 hytter i samarbeid STF. Nils Egil Hetland er vår nye koordinator. Han har fått god hjelp av Elisabeth Hausken Nessa som har hatt vervet til i vår. Me har òg ansvar for merkinga av ruta Nes-Viglesdal. I 2023 blei det utført ein del oppgradering av stien; t.d. steinlegging i våte parti. Dette i regi av STF/andre frivillige. Òg i sommar var det hyttevertar i Viglesdal, som gjer behovet for ordinært tilsyn litt mindre.



## REPORTASJE I DNT SI ÅRBOK – FRÅ VIGLESDAL

Svanhild og Elisabeth var med journalist Julie Maske til Viglesdal 6. juni i eit fantastisk vær. DNT-årboka 2023 omhandla gamle ferdselsårer i Norge, og frå vår region var det driftevegen Nes-Viglesdalen som var tema for artikkelen. God reklame for Viglesdal, Hjelmeland og STF.



## MARKNADSFØRING/INFORMASJON

Turprogram 2023 blei laga på eit enkelt A4 ark +kunngjort på Facebook og Hjelmeland kommune sin «kva skjer»-kalender + plakatoppheng. Turane våre ligg kronologisk etter dato på heimesida til Stavanger Turistforening. STF har trykksaker der enkelte av våre arrangement kjem med. Facebooksida vår [www.facebook.com/HjelmelandTurlag](https://www.facebook.com/HjelmelandTurlag) er vår viktigaste informasjonskanal med 2000 følgjarar. Me brukar den aktivt om turar, dugnad o.a. t.d. Adventskalender des. 23 med foto/quiz frå/om Hjelmeland. Ny nettportal via DNT: <https://www.dnt.no/dnt-der-du-er/stavanger-turistforening/hjelmeland-turlag/> Ny epost-adresse: [hjelmeland.turlag@dnt.no](mailto:hjelmeland.turlag@dnt.no)

## TURAR/ARRANGEMENT 2023:

Me hadde/deltok på 19 turar og arrangement i 2023 inkl. noko som kom til undervegs. Kanskje ca. 3680 deltakarar totalt inkl. turar, festivalar og markadar. Veldig bra oppmøte på enkelte turar/arrangement, få på andre turar.

## Årsmøte 9. februar på Spinneriet

Fysisk + Facebook-sending. 60 stk fysisk, 10 stk innom FB. Vanlege årsmøtesaker, informasjon frå STF, takk til kjentfolk, val, presentasjon turprogram 2023. Innlegg m/bilde frå



«Onsdagsturgjengen» v/Arne Kleppa. Mat: havregraut v/Bygdekvinnelaget

### **Kart og kompasskurs torsdag 13.04.**

Astrid og Svanhild kurshaldarar. Teori inne om kart, kompass, appar mm. Øving ute, med å finne postar, kompassretning mm. 7 deltakarar.

### **Dugnadstur til Viglesdal 20-23. april (slutta laurdag 22.)**

Nydeleg vær; sol lite vind og varmt. Lesste ved onsdag, flyging torsdag kl 12.00.

13 stk til middag fredag kveld – då var alle til stades, elles kom og gjekk folk. To spanske friluftstudantar deltok. Mala den eldste hytta 2 strøk. Ikkje tømt utedo. Mykje førefallande arbeid + bytte sengkler, vask og ved. Skifta pakningar omn 91 hytta, noko listing nye hytta. Elisabeth koordinator, Nils Egil overtek ansvaret frå nå

### **Foredrag « 3 veker aleine Nordkalotten» Karen Malena Kylløsø 25.04**

Samarbeid med Ryfylke biblioteket på Hjelmeland. Ca 40 stk inkl. arrangør.  
Hans Widerøe laga direktesending på Facebook.

### **Barnas tur - Trollskogen –27. april**

Lars F Nessa og Elisabeth Nessa turleiarar. Fint, men kjøleg på tur. Bål og pinnebrød, klatring i gamle tre mm. 6 vaksne og 4 barn totalt på turen.

### **Møyskrevåsen 9. mai**

Gunnulf turleiar. 10 stk på tur. Søraust vind når turen starta, vind løya litt og regnet auka på utover kveldinga. Start Husstøl. Rundt åsen.

### **Reinaknuten – til Tysdal 11. juni**

Nils Egil og Gunnulf turleiarar +Anne Kari og Astrid var med. Oppmøte Tysdal, køyrt til Bjørheimsheia, gjekk til Reinaknuten og ned kodejaktsti til Tysdal, med litt alternativ. 6 timar på tur. Sol, fint og varmt. 1 person gjekk opp frå Tysdal, følgje med oss ned frå Reinaknuten. Totalt 25 stk inkl. turleiarar.



### **Synfaring av mogleg alternativ sti Hagalid - Skomakarnibbå 12.06.**

Kulturkontor og grunneigarar +Gunnulf for Turlaget.

### **Sankefestivalen 17. juni - Hjelmelandsvågen**

Svært godt besøk anslagsvis +/- 1000 deltakarar i nydeleg, varmt sommarvær. Satt opp båt t/r Stavanger. Ca 30 stk på fjordcruise med Helgøyskyss til Førre. Kurs, foredrag, sanketorg, kokkekamp, uteteater, barneaktiviteter, kafè, produktkonkurrans, fiske mm . Godt samarbeid med Anne Spilde som koordinator STF/kommunen.

### **Sankefestivalen 18. juni:**

-Tur Vikestølsheia med kjentmann Åstein Mæland – Astrid og Steffen turleiarar. 18 stk totalt. Sol og varmt, blei skyer, tordenvær rundt om, men ikkje uvær på turdeltakarane.

-Friluftsgudsteneste Hjelmelandsvågen del av Sankefestivalen, men i regi av kyrkja

-Klatredag for barn i Grønvik m/Lars F Nessa Sol og varmt. 3 familiar deltok.

### **Brunfjellet 13. august**

Geir Kvame og Steffen Vadla kjentfolk, Gunnulf turleiar. 10 stk totalt på turen, Bygevær gjekk over til regn, mildt 17-18 grader i låglandet. litt skoddedottar utpå dagen, stort sett sikt og utsikt. Tur kl. 10–17.

### **Følekammen 27. august**

35 stk. 32 med båt + Arild Meltveit mfl. frå hytta på Fundingsland. Paul turleiar, Endre Gjil kjentmann og Nils Egil båtførar + Svanhild og Gunnulf. Opphald det meste av fotturen, regn på båttur tilbake, skodde på slutten av dagen. Raskare enn tenkt. Tilbake innan kl. 13.30.



### **Ryfest 3. september – Kom deg ut dag**

Stand ute i Hjelmelandsvågen. Pinnebrød og kart til turforslag og info om kommande turar. Bra besøk.

### **Kåstølen – Sunnmork – Nystøldalen 10. september**

Nils Egil kjentmann/turleiar + Svanhild og Anne Kari. Bilar to stader pga ulikt startpunkt og «målgang». Totalt 13 stk med på tur. Litt skodde morgon, etterkvart litt solgløtt. Varmt 17-20 grader. Kl 10-16.



### **Breilandsvatnet – barneaktivitetar 17. september**

Elisabeth Nessa og Hilde Pedersen Mæland. Lånt kanoar frå Frilager. 24 stk møtte. Grilling, fising utan fangst, kanopadling. Sol frå klar himmel, fint å vere med vatnet.

### **Øksnafjellet frå Heggland 24. september**

Solveig Hetland vegvisar + Ove Bjelland. Anne Kari turleiar + Nils Egil. Opphald, mykje vind på toppen. Matpause på stølshytte. 5 stk totalt.

### **«Ka tenke di på» Foredrag om risikovurdering 3. november – Spinneriet**

Lars Flatø Nessa og Audun Hetland: om friluftsliv og risikovurderingar. Ca 100 stk. Lærerikt, tankevekkande og underholdande.

### **Julemarknad 2. desember - Hjelmelandsvågen**

Grautkafè inne i «Grøna rommet», pinnebrød på bålpanne ute. Konkurransse og barneaktivitet. Bra besøk



Turar/arrangement blir omtala på vår Facebookside.